



Lærdal kommune

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2021-2024



Foto: Ole Ramshus Sælthun

Vedteken i kommunestyret XX.XX.XXXX

FØREORD

Plandokumentet skal fungere som styringsverktøy for kommunen dei neste 4 åra. Den skal vere eit politisk og administrativt styringsreiskap for utviklinga av Lærdal kommune sine målsetnader innan idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse i planperioden.

Planen gir grunnlag for prioritering og tildeiling av spelemidlar til idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsområde. Alle anlegg der det skal søkjast om spelemidlar skal vera innarbeidd i kommunedelplanen sitt handlingsprogram.

Planen er utarbeidd etter rettleiar i kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet (V-0798) som er utgjeven av Kulturdepartementet.

Plandokumentet er utarbeidd av eining for kultur av kulturkonsulenten, i samarbeid med ei arbeidsgruppe som har bestått av arealplanlegger og representantar frå Lærdal turlag og Lærdal idrettslag.

Innhold

| | |
|--|-----------|
| FØREORD..... | 2 |
| 1 INNLEIING | 4 |
| 1.1 Statleg og regional politikk for idrett og fysisk aktivitet..... | 4 |
| 1.2 Forhold til andre planar..... | 6 |
| 2 UTVIKLING I LÆRDAL KOMMUNE..... | 7 |
| 2.1 Utviklingstrekk i kommunen..... | 7 |
| 2.2 Befolkningsutvikling | 7 |
| 3 DEFINISJONAR OG MÅL..... | 8 |
| 3.1 Definisjonar og klassifisering av anlegg..... | 8 |
| 3.2 Lærdal kommune sine mål for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv..... | 9 |
| 4 RESULTATVURDERING AV TIDLEGARE PLAN | 10 |
| 4.1 Ordinære anlegg..... | 10 |
| 4.2 Nærmiljøanlegg | 11 |
| 4.3 Turstiar og friluftsanlegg | 11 |
| 4.4 Resultatvurdering..... | 12 |
| 5 PLANPROSESS..... | 13 |
| 5.1 Tidsplan for planprosessen | 13 |
| 5.2 Medverknad | 13 |
| 6 STATUS I LÆRDAL KOMMUNE..... | 14 |
| 6.1 Status på idrettsanlegg..... | 14 |
| 6.2 Status på friluftsanlegg og område | 14 |
| 6.3 Registrering av aktivitet..... | 14 |
| 6.3.1 Organisert idrett..... | 14 |
| 6.3.2 Eigenorganisert aktivitet | 15 |
| 7 RAMMER OG TILTAK FOR MEIR FYSISK AKTIVITET | 16 |
| 7.1 Folkehelse og fysisk aktivitet..... | 16 |
| 7.1.1 Tiltak for å fremme meir fysisk aktivitet og god folkehelse | 18 |
| 7.2 Idrettsanlegg og anleggutbygging | 18 |
| 7.2.1 Tiltak for å sikre gode idrettsanlegg i Lærdal kommune | 19 |
| 7.3 Friluftsliv..... | 20 |
| 7.3.1 Tiltak for å tilrettelegge for meir friluftsliv..... | 20 |
| 8 HANDLINGSPROGRAM | 21 |
| 8.1 Prinsipp for prioriteringar..... | 21 |
| 8.2 Prioritert handlingsprogram 2021-2024 | 21 |
| 8.3 Langsiktig handlingsprogram 2021-2032 | 22 |

1 INNLEIING

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2021-2024 er ein etterfølgar av Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2010-2013. Førre plan vart vedteke i Lærdal kommunestyre i sak 110/09 10.12.09.

Kulturdepartementet set krav om at alle kommunar skal ha ein kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Planen er eit politisk dokument for å nå kommunen sine mål på feltet. Planen skal legge fram ein modell som klargjer oppgåver og ansvarsfordeling mellom kommunen og lag og organisasjonar. Den er eit styringsverktøy for rådmannen sitt administrative arbeid og forvaltning av oppgåver innan området idrett og fysisk aktivitet.

Kommunestyret vedtok i sak 014/19 27.03.19 oppstart av ny kommunedelplan for idrett, fysisk avbnktivitet og friluftsliv. Kommunedelplanen skal gje føringar for kva anlegg, område og tiltak som skal prioriterast i planperioden, og hindre at prioriteringar på området vert styrt av særinteresser og kortsiktige behov. Den gir grunnlag for prioriteringar og tildeling av spelemidlar til idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsområde.

Føremålet med planen er å:

- Stimulere til politisk debatt for å avklara mål for kommunen sitt engasjement i tilrettelegging for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.
- Planen gjer det mogeleg å få finansiering av prosjekt med støtte frå spelemidlar.
- Plan- og målstyrt utbygging av anlegg og tilrettelegging av tilbod. Kommunen må ha anlegg som er attraktive for ei stor brukargruppe. Gode tilbod gjennom høvelege anlegg sikrar trivsel og eit godt oppvekstmiljø.
- Betre og breiare kunnskap om aktivitets- og anleggsbehovet no og i framtida.
- Sikre nødvendige areal for leik, friluftsliv og idrettsaktivitetar, og samordna behova for desse gjennom langsiktig arealplanlegging.
- Avklare oppgåver, ansvar og økonomiske plikter som kommunen og organisasjonane har, ved utbygging og drift av anlegg og prosjekt. Drift og vedlikehald er like viktig som bygging av anlegg.
- Legge til rette for at også menneske med nedsett funksjonsevne kan driva fysisk aktivitet.
- Drive eit haldningsskapande arbeid, der ein stimulerer til auka fysisk aktivitet og friluftsliv som førebyggande helsepolitikk, og som verkemiddel for å auke trivsel og lokalkunnskap.

1.1 Statleg og regional politikk for idrett og fysisk aktivitet

Grunngjevinga for statleg medverknad og støtteordningar til idrett og fysisk aktivitet er knytt til eigen- og nytteverdien av idrett og fysisk aktivitet. Nytteverdien er særskild knytt til førebyggande helsearbeid. Det finst ei rekke statlege dokument som peikar på viktigheita av idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, og som er retningsgjevande for det kommunale arbeid og prioriteringar på området.

På idrettsfeltet er idrett og fysisk aktivitet for alle utehta som den overordna visjonen for statleg idrettspolitikk. Staten si oppgåve er først og fremst å sørja for best mogleg rammevilkår for den medlemsbaserte idretten, men også å leggja til rette for eigenorganisert fysisk aktivitet og trening.

- **Friluftslova** (LOV-1957-06-28-16) sikrar m.a. allemannsretten, dvs. retten til fri ferdsel, opphold og aktivitet i utmark.
- **Folkehelselova** (LOV-2011-06-24-29) Føremålet med lova er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjer folkhelse, herunder utjerner sosiale helseforskjeller. Lova skal legge til rette for eit langsigtig og systematisk folkehelsarbeid.
- **St. meld 26 (2011-2012) Den norske idrettsmodellen** er grunnlaget for statleg engasjement på idrettsområdet. Staten skal leggja til rette for at flest mogleg skal gjevast høve til å utøva idrett og fysisk aktivitet, særleg gruppa barn og unge.
- **St. meld 34 (2014-2015) Folkehelsemeldinga** I denne meldinga presenterer regjeringa strategiar for å styrkja folkehelsearbeidet og leggja til rette for sunne helseval. Regjeringa vil utvikla ein folkehelsepolitikk som skapar muligheter for kvar og ein av oss til å ta ansvaret for eiga helse.
- **St. meld 16 (2010-2011) Nasjonal helse og omsorgsplan 2011-2015** peiker på at det er eit offentleg ansvar å:
 - Fremje helsa og førebyggjande sjukdom
 - Sikre naudsynte helse og omsorgstenester til heile befolkninga.
 - Sikre eit likeverdig tilbod om helsetenester til alle.
- **Nasjonal handlingsplan: Sammen om aktive liv.** Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029. Ein plan med nasjonale mål og strategiar for auka fysisk aktivitet og tilrettelegging for dette. Planen har visjonen: *Bevegelse og fysisk aktivitet er et naturlig valg for alle gjennom hele livet*, og har to hovudmål:
 - «1. Et mer aktivitetsvennlig samfunn der alle uavhengig av alder, kjønn, funksjonsnivå og sosial bakgrunn gis mulighet til bevegelse og fysisk aktivitet.
 - 2. Andelen i befolkningen som oppfyller helsemessige anbefalinger om fysisk aktivitet er økt med 10 prosentpoeng innen 2025 og 15 prosentpoeng»

Vestland fylkeskommune har ei sentral rolle som regional utviklar og har det regionalpolitiske ansvaret for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. *Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune med handlingsprogram 2020–2024* har erstatta Sogn og Fjordane sin regionale plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet (2016-2019). Dokumentet er ein strategi med verkemiddel for å nå visjonen om ein «Fysisk aktiv kvardag» for folk i Vestland. Strategien inneheld visjon og mål for anleggsutviklinga i fylket, og har eit handlingsprogram med tiltak for å nå desse måla. *Utviklingsplan for Vestland 2020-2024* gjer greie for dei viktigaste regionale utviklingstrekka og utfordringane, og gjer ei vurdering av kva som er langsiktige utviklingsmoglegheiter. Mellom anna i bakgrunn av folkehelseoversikta for Vestland 2019-2023.

1.2 Forhold til andre planar

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er utarbeidd som del av den samla kommuneplanlegginga for Lærdal kommune. Planen skal ha fokus på tiltak og prosjekt som gjer oss i stand til ein å lage ein god og framtidsretta plan ved neste revisjon. Desse tiltaka og prosjekta skal ha fokus på å få løyst følgjande:

- Nye anlegg skal sjåast i samanheng med eksisterande i høve behov og geografisk plassering, saman med utvikling av grendene og lokalsamfunna.
- Anlegg og friluftslivsområda skal vere allsidige og sikre gode møteplassar.
- Vedlikehald og synleggjering av tilboda.

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er underlagt:

- **Kommuneplan** for Lærdal kommune – samfunnsdel og areadel
- **Økonomi- og handlingsplan** for Lærdal kommune
- **Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (2016-2019)**

Kommuneplanen legg føringar for bruk av areal i kommunen. Samfunnsdelen legg føringar for kva Lærdal kommune skal arbeide med for å nå visjonen Grøne Lærdal. Herunder ligg korleis kommunen arbeidar for folkehelse og gode tilbod og tenester for innbyggjarane i kommunen.



Torsteinen er eitt av fleire populære turmål i kommunen. Foto: Guro Nesse

2 UTVIKLING I LÆRDAL KOMMUNE


2.1 Utviklingstrekk i kommunen

Lærdal kommune ligg inst i Sognefjorden med Lærdalsøyri som sentrum. Det meste av kommunen sine om lag 2200 innbyggjarar, er busett her. Elles er kommunen delt i mindre grender som har varierte tilbod.

Knutepunktet Lærdalsøyri og dalen mot fjellet har opp gjennom tidene vore ei viktig gjennomfartsåre mellom aust og vest. Dette vitnar dei mange veganlegga i dalen om. Her kan nemnast Kongevegen over Filefjell, Sverrestigen, Vindhellavegen og Den Bergenske hovudveg over Seltåsen og Steineåsen. Ikkje minst stamvegen, E16, med Lærdalstunnelen og opprusting av hovudvegen gjennom dalen til europavegstandard vitnar om dalen sin sentrale plassering også i våre dagar.

Utbetring av vegar og kommunikasjon har dei siste åra ført til at Lærdal har eit større bu- og arbeidsområde. Lærdølene pendlar til jobb i nabokommunane, og det er pendling til Lærdal frå nabokommunane.

2.2 Befolkningsutvikling



Det er små endringar i folketalet i Lærdal sidan 2000. Det høgaste innbyggartalet var i 2010, då det i 2. og 3. kvartal var 2227 innbyggjarar. Det lågaste talet var i starten av 1. kvartal 2020, då var det 2126 innbyggjarar. Ved inngangen til 2. kvartal 2020 var folketalet 2132, ein liten oppgang på 6

innbyggere dette siste kvartalet. (Tal henta frå Telemarksforskning 2020:
<https://v2.regionalanalyse.no/rapport/4642/2/1>)

Befolkningsframvekst

Vidare framvekst i innbyggartal mot år 2050, viser at det mest truleg går mot færre innbyggjarar i kommunen. Uansett om ein ser på hovudalternativ eller lågalternativ går kommunen mot ei framtid med færre lærdøler. I best fall jamnar talet seg ut, mot ei auke på omtrent 100 fleire innbyggjarar som kan nytte dei anlegga og aktivitetane som er tilgjengelege i kommunen.

| | 2020 | hovudalternativ | lågalternativ | høgalternativ |
|--------|-------|-----------------|---------------|---------------|
| Lærdal | 2 126 | 2 002 | 1 784 | 2 242 |

SSB 28.08.2020: <https://www.ssb.no/befolkning/statistikker/regfram/hvert-2-aar>

3 DEFINISJONAR OG MÅL

3.1 Definisjonar og klassifisering av anlegg

- **Idrett:** Dei fleste former for idrett er organisert, fysisk aktivitet, der ein gjerne trenar mot konkurransar.
- **Fysisk aktivitet:** Fysisk aktivitet er eit langt meir omfattande begrep som femner om all form for mosjon, frå det å trille ei barnevogn, spasere i ditt eige tempo langs opparbeida gang og sykkelvegar til leik og dans.
- **Friluftsliv:** Som oftast ei eller anna form for fysisk aktivitet ute i naturen, frå fot- og skiturar til jakt og fiske. I seinare år har også nye former for friluftsaktivitet vakse fram, som t.d. ulike aktivitetar på fjorden, i elvar og i lufta.
- **Folkehelsearbeid** vert definert som "samfunnet sin totale innsats for å oppretthalda, betra og fremja folkehelsa.».
- **Ordinære anlegg** er meint som anlegg for organisert idrett og fysisk aktivitet. Dette er definisjonen frå dei statlege føresegnene for tilskot frå spelemidlane. Ordinære anlegg kan ikkje komma inn i planen undervegs i perioden, medan nærmiljøanlegg kan inkluderast gjennom den årlege rulleringa. Difor må alle innspel til ordinære anlegg vera med i den opphavelege planen som blir vedteken. Det er ikkje krav om at alle anlegg må ha prioritering frå starten. Dette kan komma i den årlege rulleringa, når anlegga er ferdig prosjektert, fullfinansiert og førehandsgodkjende, og bygginga kan settast i gang.
- **Nærmiljøanlegg** er enkle anlegg eller område som er tilrettelagt for uorganisert fysisk aktivitet. Eit typisk nærmiljøanlegg er ballbingen som er sett opp i tilknytning til Ljøsne skule. Anlegga skal først og fremst vera retta mot barn og unge, men kan også ha tilbod til resten av befolkninga. Vedlikehald og rehabilitering av eksisterande nærmiljøanlegg bør ha høg prioritet i planperioden.

3.2 Lærdal kommune sine mål for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

Det overordna målet for Lærdal kommune vart utarbeida i førre planperiode og gjeld framleis:

"Auka fysisk aktivitet for innbyggjarane i Lærdal kommune"

Målet er at innbyggjarane i Lærdal kommune får gode tilhøve for idrett og fysisk aktivitet, slik at dei får høve til å halde seg i aktivitet ut i frå eigne interesser og føresetnader. Dette skal vera mogleg på allment tilgjengelege område og i anlegg som er lagt til rette i rimeleg geografisk nærleik til der dei bur og elles i naturen.

Med bakgrunn i dette skal Lærdal kommune arbeide for å nå følgande delmål:

- Leggja tilhøva til rette for at alle sosiale grupper skal kunne driva idrett ut frå eigne føresetnader.
- Arbeida for eit tilbod som og omfattar personar som i dag er inaktive, med hovudvekt på barn og unge.
- Stimulera til ei breiare deltaking.
- Sikre at avsett areal til friområde/grøntområde, ikkje er mindre enn det dei er i dag.
- Sikre at det ved utarbeiding av kommune- og reguleringsplanar vert innarbeidd areal og anlegg for leik, idretts- og friluftslivsaktivitetar som ein del av bumiljøet.
- Leggja til rette for både konkurranseidrett og mosjonsidrett.
- Arbeide for at det bør vere høve til å kunna konkurrere innanfor dei største idrettane i Noreg generelt, og i dei idrettane som det eventuelt vil vera stor interesse for i Lærdal spesielt.
- Arbeide for at det vert bygt og vedlikehalde fleirbruksanlegg som dekker trøngten til fleire idrettsgreiner, aktivitetar og brukargrupper.
- Sikre at rørslehemma skal ha tilgang til idrettsanlegg og gjevast gode og varierte tilhøve for friluftsliv.
- Bidra til at organisasjonane legg til rette for å utvikla kvinnelege utøvarar og leiarar.
- Sikre at det ved bygging av anlegg og tilrettelegging av område for idrett og fysisk aktivitet, vert teke omsyn til landskapsvern, miljømessige og estetiske tilhøve.
- Stimulera lokalbefolkinga til å bruka det som vert opparbeidd, og å bruka naturen slik han er

4 RESULTATVURDERING AV TIDLEGARE PLAN

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet har i førre planperiode fungert som styringsdokument og medverka til å styre utbygging av idrettsanlegga på ein god måte. Fleire store prosjekt er gjennomført, og planarbeidet har involvert frivillige lag og organisasjonar, administrasjon og politikarar. Førre planperiode har vart frå 2009-2020 med årleg revisjon av handlingsprogrammet.

4.1 Ordinære anlegg

| Anlegg | Anleggsnr. | Kommentar |
|--|------------|--|
| Borgund ridebane | 35253 | Anlegget er ferdigstilt og spelemediar er utbetalt |
| Kunstisanlegg, Lærdal stadion | 24045 | Ikkje søkt, inngår i ny plan. |
| Fotballanlegg, Lærdalsøyri skule | 21417 | Anlegget er ferdigstilt og spelemediar er utbetalt |
| Skytehus med skytebane 15 m (innandørs), møterom og lager. Gamle Lærdal stadion (Bergo) | 62852 | Anlegget er ferdigstilt og spelemediar er utbetalt |
| Klubbhus med møterom og lager, Gamle Lærdal stadion (Bergo) | 20754 | Anlegget er ferdigstilt og spelemediar er utbetalt |
| PCB-lys Lysløype Kvamme | 21376 | Anlegget er ferdigstilt og spelemediar er utbetalt |
| PCB-lys skøytebane Lærdal stadion | 54613 | Ikkje søkt (lys inngår i anlegg 74698) |
| PCB Maristova Maristova lysløype | 13123 | Ikkje søkt |
| Basseng Borgund Rehabilitering Borgund skule | 2846 | Ikkje søkt |
| Basseng LØS Rehab. Lærdalsøyri skule | 21415 | Anlegget er ferdigstilt og spelemediar er utbetalt |
| Naturisbane m/flomlys | 74698 | Anlegget er ferdigstilt og spelemediar er utbetalt |

4.2 Nærmiljøanlegg

| | | |
|---|-------|--|
| Friidrettsanlegg, Lærdalsøyri skule | 24078 | Anlegget er ferdigstilt og spelemedialer er utbetalt |
| Ballbinge, Ljøsne skule | 24016 | Anlegget er ferdigstilt og spelemedialer er utbetalt |
| Klatrepark, Lærdalsøyri skule | 20742 | Anlegget er ferdigstilt og spelemedialer er utbetalt |
| Ballbinge, Borgund idrettsbane | 17590 | Anlegget er ferdigstilt og spelemedialer er utbetalt |
| Ballbinge rehabilitering Lærdalsøyri skule | 69592 | Anlegget er ferdigstilt og spelemedialer er utbetalt |
| Sandvolleyballbane rehabilitering Lærdalsøyri skule | 65497 | Anlegget er godkjent og under arbeid, spelemedialer er søkt. |
| Sandvolleyballbane rehabilitering Grandane | 11344 | Anlegget er godkjent og under arbeid, spelemedialer er søkt. |

4.3 Turstiar og friluftsanlegg

| | | |
|--|-------|--|
| Brattebakken bru | 60756 | Anlegget er ferdigstilt og spelemedialer er utbetalt |
| Kongevegen Galdane husmannsplass | 66480 | Anlegget er ferdigstilt og spelemedialer er utbetalt |
| Rampe Kvevotni | 20760 | Ikkje søkt |
| Oddebruene Maristovelii turområde | 53765 | Anlegget er ferdigstilt og spelemedialer er utbetalt |
| Turveg Oddebruene-Honingane Maristovelii turområde | 53766 | Anlegget er ferdigstilt og spelemedialer er utbetalt |
| Honingane støl Maristovelii tuområde | 66444 | Anlegget er ferdigstilt og spelemedialer er utbetalt |
| Dagsturhytte Mjølkeflaten | 74296 | Anlegget er ferdigstilt og spelemedialer er utbetalt |

4.4 Resultatvurdering

Kommunedelplanen hadde i førre planperiode same målsetting om auka fysisk aktivitet for innbyggjarane i kommunen. Det er vanskeleg å måle om ein har lukkast med dette, då det er ei utfordring å finne klare målekriterier. Men me veit at det har blitt auka bruk av til dømes turstien til Mjølkeflaten etter oppsettinga av Dagsturhytta. På hytta er det besøksteljar som viser ein auka bruk frå teljaren vart sett opp våren 2019 til hausten 2020. Det same gjeld bruken av Kongevegen der det også er teljarar som registrerer forbipasserande. Maristovelii turområde og Brattebakken bru er ein del av Kongevegen.

Lærdal har fleire arena for sesongbasert fysisk aktivitet og idrettsarrangement, til dømes ulike turar og løp, skirenn, skøytekarusell, osb. Det blir òg sett opp skibuss til heisanlegget på Filefjell i vinterhalvåret for ungdommar. Desse aktivitetane engasjerer mange, og ser ut til å ha hatt positiv innverknad på eigenaktiviteten. Det blir imidlertid ikkje gjort noko systematisk registreringsarbeid av tal deltakarar på desse aktivitetane, men deltakarlistene på ulike løp og renn kan gje ein peikepinn på utviklinga.

Målsetjingane i kommunedelplanen frå førre periode samsvarar med målsetjingane for inneverande planperiode. Det er viktig for Lærdal kommune å sikre samarbeid om eit idretts- og aktivitetstilbod for alle i kommunen. Dette kan ein best realisere gjennom eit nært samarbeid mellom laga i kommunen og å involvera nabokommunane. Utfordringa er til ei kvar tid å finna fram til tiltak som mange, i dag lite fysisk aktive innbyggjarar, ynskjer og klarar å vera med på. Berre gjennom eit personleg ynskje og haldningar vil innbyggjarane ta i bruk anlegg og natur til idrett og fysisk aktivitet. Denne motiveringa må vera eit kontinuerleg arbeid, som må starte i barnehage- og skulealder.



Dagsturhytta på Mjølkeflaten. Hytta vart opna i 2018. Foto: Guro Nesse

5 PLANPROSESS

Planperioden er 12 år der dei fyrtre 4 åra har eit prioritert handlingsprogram. Handlingsprogrammet skal rullerast årleg, og sjølv planen skal reviderast kvart 4. år. Siste revisjon vart handsama i kommunestyresak 110/09 10.12.2009.

5.1 Tidsplan for planprosessen

| Dato | Aktivitet |
|------------|--|
| 27.03.2019 | Kommunestyret vedtok oppstart av planprosess for Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2019 – 2030. |
| 30.01.2020 | Formannskapet vedtok i sak 05/20 å legge ut framlegg til planprogram til offentleg ettersyn. |
| 04.03.2020 | Orientering om oppstart av planarbeid og utlegg av planprogram gjennom lokale media og på Lærdal kommune si heimeside. |
| 05.03.2020 | Vestland fylkeskommune arrangerte i samarbeid med Lærdal kommune eit oppstartseminar på Lærdal rådhus. |
| 25.03.2020 | Aktuelle lag og organisasjoner fekk orientering om planprosessen og invitasjon til eit ope innspelseseminar i Lærdal kulturhus, dette vart avlyst grunna Covid-19. |
| 06.04.2020 | Frist for å komme med merknadar og innspel til planprogrammet. |
| 07.05.2020 | Vedtak av planprogrammet i kommunestyret. |
| 01.06.2020 | Frist for å komma med innspel til handlingsprogrammet. Aktuelle lag og organisasjoner vart informert om tidsfristen gjennom brev av 08.05.2020 og på kommunen i heimeside. |
| 01.09.2020 | Innspela og framlegg til plan vert vurdert av den oppnemnde arbeidsgruppa |
| 17.09.2020 | Vedtak i formannskapet om å leggja ut plan til offentleg ettersyn |
| 01.11.2020 | Høyringsfrist plan |
| 10.12.2020 | Vedtak av plan i kommunestyret desember 2020 |

5.2 Medverknad

Planen har blitt utarbeida av ei arbeidsgruppe beståande av kultukonsulent, arealplanleggar og representantar frå Lærdal idrettslag og Lærdal turlag. Kommuneadministrasjonen fekk invitasjon til eit oppstartseminar saman med Vestland fylkeskommune og Vestland idrettskrins i mars 2020.

Planprogram vart sendt ut på offentleg ettersyn saman med oppmading om å komme med innspel til planarbeid og handlingsprogram. Dette vart annonser i lokale media og på kommunen si heimeside. Det var planlagt innspelseseminar for private og frivillige, men dette måtte dverre utgå grunna Covid-19. Det vart sendt ut invitasjon til planmøter med kultukonsulenten for dei som ynskja dette. Eitt lag nytta seg av dette tilbodet.

6 STATUS I LÆRDAL KOMMUNE

6.1 Status på idrettsanlegg

Lærdal kommune har mange idrettsanlegg, og fleire av desse trenger vedlikehald. Førre planperiode vart lengre enn tiltenkt, og fleire anlegg har blitt oppført og rehabilert. Nokre anlegg har vore oppsett i planen over lengre tid men er ikkje kome i gang med bygging, det gjeld mellom anna kunstisbane og ny utandørs skytebane. I tillegg er den tidlegare golfbana lagt ned, og på skrivande tidspunkt arbeidar dei med å få på plass ei ny. Fleire nærområder har fått ballbingar, og nokre av desse er allereie blitt slitne og treng ei oppgradering.

6.2 Status på friluftsanlegg og område

Det har vore ei stor satsing på turvegar og tilrettelegging av desse gjennom prosjektet med Kongevegen. Her har både Statens Vegvesen og Riksantikvaren vore involvert. Lærdal turlag og frivillige har også rydde og registrert fleire turar i friluftsområda i kommunen og gjort desse lettare tilgjengeleg for folk mellom anna gjennom appen SjekkUT. Lærdal kommune er i gang med arbeidet for å kartlegge og registrere friluftsområde, og håpar å få ferdig denne kartlegginga i 2021.

6.3 Registrering av aktivitet

6.3.1 Organisert idrett

Lærdal kommune har fleire tilbod innanfor organisert idrett. Størst av desse er Lærdal idrettslag som har fleire undergrupper som tilbyr aktivitet for både born og vaksne. Det er eit aktivt skyttarmiljø i kommunen, og eit veksande ridemiljø.

Medlemstal i ulike lag og organisasjonar

| Lag | Medlemstal | Undergrupper |
|----------------------------|------------|---|
| Lærdal idrettslag | 450 | Fotball Friidrett Symjing Ski Handbak Turn og barneidrett Innebandy Skeise |
| Tønjum skyttarlag | 45 | |
| Tønjum pistolklubb | 25 | |
| Hegg skyttarlag | 77 | |
| Lærdal og Aurland LHL | 113 | |
| Lærdal ride- og køyreklubb | 20 | |
| Lærdal turlag | 192 | |
| Lærdal golfklubb | 420 | |
| Lærdal linedance | 20 | |
| Lærdal seniordans | 21 | |

6.3.2 Eigenorganisert aktivitet

Det er mykje eigenorganisert aktivitet i grendene. Gymsalane på Ljøsne og på Borgund har jevnlig aktivitet, utan at dette er registrert gjennom noko eige lag. I tillegg er det open hall for ungdom som er styrt av foreldrene. Bruk av turstiar og skianlegg er også eigenorganisert aktivitet som det ikkje fins registreringar på.



Lærdalsturneringen Foto: Ole Ramshus Sælthun

7 RAMMER OG TILTAK FOR MEIR FYSISK AKTIVITET

7.1 Folkehelse og fysisk aktivitet

Folkehelse er eitt av fleire tema som Kommuneplanen sin samfunnssdel (2018) tek opp. I planen står det at for å oppretthalda eit godt samfunn er det viktig at vilkåra for trivsel er gode:

«Lærdal kommune har i dag aktivitetar som oppmodar born og unge til å treffast, og til å utvikle evnene sine. Kultur- og idrettstilbod, frivillige lag og organisasjonar er alle med på å bidra til trivsel. Det er og viktig å ta hand om dei som fell utanfor organiserte aktivitetar og møteplassar. Gode ukommersielle møteplassar, stiar og samanhengande gangvegar, kan gje grunnlag for aktive innbyggjarar og ei god folkehelse.».. (Samfunnssdelen 2018, s. 18)

Tilrettelegging for aktivitetar som bidreg til fysisk aktivitet og trivsel er viktige faktorar i førebyggande arbeid for god helse blant innbyggjarane. I kommunen vart det i 2015 etablert ein Frisklivsentral som vektlegg førebygging meir enn behandling. Tilboden er i utgangspunktet for personar i risikogruppe for å utvikle sjukdom, som treng oppfylging av helsepersonell til å endre levevanar og mestre sjukdom, men også andre som ynskjer hjelp med livsstilsendring kan kome. Meininga med Frisklivssentralen er å spare utgifter for samfunnet ved å førebyggje i staden for å behandle, samstundes som ein tilbyr gode tenester der enkeltmenneske skal få ein betre kvardag.

Folkehelse gjeld ikkje berre innanfor helsesektoren men er eit tverrgåande tema. Helsefremmande tiltak som gjer at innbyggjarane sjølve tek større ansvar for eiga fysisk og psykisk helse, vil verka positivt både for den einskilde og for samfunnet. Eit eksempel på tiltak kan vere lett tilgang til turstiar og friluftsliv i nærområda der folk bur. Dette kan vere for å få folk meir ut. Det same gjeld innandørs tilbod i dei ulike gymsalane i kommunen. Ved å ha tilbod i kort avstand frå heimen, vil fleire prioritere å bruke det. Her er det også aktuelt å koble seg på prosjektet *Leve heile livet 2020-2022* som vert halde i regi av Fylkesmannen i Vestland.



Cuprenn i skiløypa på Øvre Kvamme. Foto: Ida Rudningen/Lærdal IL skigruppa

Arealplanlegging som gir tilgjenge til friluftslivområde, gang- og sykkelvegar, grøne uteareal, nærmiljøanlegg og idrettsanlegg og liknande, vil ha stor verknad på om befolkninga kan ta gode val. Deltaking i fysisk aktivitet har og verknad for folk si mentale helse. Sosial deltaking og tilhøyring er vel så viktige aspekt for mange, som sjølve aktiviteten – folk får både i «pose og sekk».

Mestringsressursane våre er samansett av mange faktorar, der både aktivitet, deltaking og engasjement er viktig. I folkehelsearbeidet er det dessutan viktig å motarbeide utvikling av sosiale helseskilnader i samfunnet, også lokalt. I den samanhengen er tilrettelegging for friluftsliv eit vesentleg verkemiddel. Friluftsliv set få krav til utstyr, det er rimeleg å drive med, det kan gjennomførast åleine eller ilag med, og det kan tilpassast fysisk form og alder. Eit døme på aktivitet er Lærdal og Aurland LHL sine onsdagsturar som skal vere eit lågterskeltilbod for dei som ynskjer å gå tur i variert terreng i grupper.



SjekkUT på Hit (Hitakvile) på veg mot Sendalen. Turmålet er ein del av Lærdal Turlag sin bakketrim i 2020. Foto: Guro Nesse

Befolkninga generelt, men spesielt barn og unge, er mindre fysisk aktive no enn før. Fritida nyttast i større og større grad til innomhus stillesittande aktivitetar. Difor er det spesielt viktig å stimulere og legge til rette for fysisk aktivitet for denne gruppa.

Hovudvekta av folkehelsearbeidet må skje ute i samfunnet, ikkje i helsevesenet. For å møte utfordringane knytt til både folkehelsearbeidet og tilrettelegging for fysisk aktivitet for flest mogeleg, er frivillige aktørar som skaparar av aktivitet viktige. For å målretta innsatsen og aktivitetane er det trong for eit tett samarbeid mellom dei ulike frivillige kreftene og kommunen i tilrettelegginga for friluftslivet i kommunen.

7.1.1 Tiltak for å fremme meir fysisk aktivitet og god folkehelse

| Tiltak | Ansvarleg |
|---|----------------------------------|
| Etablere fysiske møtestadar i heile kommunen | Kommune, næringsliv, frivillige |
| Sikre lys på turvegar- og stiar | Kommune, næringsliv, frivillige |
| Informasjon om tilbod som fins | Frivillige, kommunen |
| Sykkel- og gangvegar | Kommune, næringsliv |
| Opprette BUA/utstyrslager | Frivilligsentralen |
| Pausetrim på jobb | Arbeidsplassar |
| Billig/gratis leige av hus for fysisk aktivitet | Kommunen, næringsliv, frivillige |
| Tilskotsordningar til tiltak som fremjer fysisk aktivitet | Stat, fylkeskommune, næringsliv |
| Tilskotsordning for lokale arrangement | Kommune, næringsliv |
| Tilbod som inkluderar alle | Frivillige |
| Etablere fleire lågterskeltilbod | Frivillige |
| Oppretthalde Frisklivstilbodet i kommunen | Kommune |

7.2 Idrettsanlegg og anleggutbygging

Idrettsanlegga i kommunen er enten heileigd eller delvis eigmeldt av lag og organisasjonar, og/eller Lærdal kommune. Alle nærmiljøanlegg vert drifta av kommunen. Alle nærmiljøanlegg og anlegg i kommunal eige er gratis til bruk for privatpersonar og lag og organisasjonar.

Lærdal kommune har i samarbeid med lag og organisasjonar bygd og utvikla anlegga i dalen i siste planperiode. Det har blitt bygd ny fleirbrukshall, kunstgrasbane med serviceanlegg, innandørs skytebane, to sandvolleyballbaner, to ballbingar og ridebane. I tillegg er turvegsystemet i Maristovelii er ferdigstilt. Det er framleis ønskje om nye anlegg, til dømes sentrumsnær utandørs skytebane, kunstisanlegg og ridehall.

Finansiering av nye anlegg

Den viktigaste kjelda for statleg støtte er spelemiddelordninga der overskotet frå Norsk Tipping vert fordelt ut til idrettsføremål (64%), kulturføremål (18%) og til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar (18%). Fylkeskommunen har ansvaret for fordeling av tilskotet, og eit av krava er at det aktuelle anlegget ligg inne i ein communal plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Anlegg som stettar krava frå Kulturdepartementet, spesielle særforbund og kommunen kan søke om communal medverknad i finansiering av anlegget.

Tilskot vert berekna utifrå totalkostnaden på anlegget, og vert rekna til 1/3 av godkjende kostnadane. Det er sett øvre grense for tildeling av tilskot avhengig av anleggstype. Det vert berre gitt tilskot til nærmiljøanlegg der samla kostnadane er over kr. 50.000,-.

Nye ordinære anlegg skal ha ei forventa levetid på 40 år, nærmiljøanlegg på 20 år. Det kan søkast tilskot til rehabilitering etter halvgått levetid. Her må det då gjerast ei vurdering av tilstanden til anlegget.

Om ikkje avtalane blir følgd opp, kan tilskot frå spelemidlane bli kravd tilbake. Dette fordrar at spelemiddelfinansierte idrettsanlegg må få ei høg prioritering hjå eigaren.

For ordinære anlegg og nærmiljøanlegg er vilkåra at søknaden skal dokumentere følgjande informasjon:

- Informasjon om søkerorganisasjonen
- Informasjon om kva som skal byggast/rehabiliterast
- Målsatte teikningar som viser at anlegget vert utforma i tråd med krav til storleik mv. for aktiviteten.
- Kostnadar knytt til prosjektet
- Søknadsbeløp og øvrig finansiering av prosjektet.
- Matrikkeladresse (gards- og bruksnummer, og ev. feste- /seksjonsnummer)

Det er i dag eit plankrav for offentlege tilskot til bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet at søkeren har utarbeidd ein driftsplan. Ein slik plan skal innehalde bruksplan, driftsansvar og driftsbudsjett.

Drift og vedlikehald av anlegg

Drift og vedlikehald av eksisterande anlegg er krevjande. Ansvarstilhøve bør vera i avtaleform. Anleggseigar har hovudansvaret, men det kan i visse høve vera aktuelt med driftsavtale mellom kommunen og aktuelle orgainsasjoner, med retningslinjer for sambruk og ansvarsfordeling.

7.2.1 Tiltak for å sikre gode idrettsanlegg i Lærdal kommune

| Tiltak | Ansvarleg |
|---|---------------------------------------|
| Oppdatere og revidere handlingsprogram i kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv | Kommune, etter innspel frå frivillige |
| Vedlikehald og drift av anlegg | Kommune, frivillige |
| Utarbeide plan for drift og vedlikehald | Kommune, frivillige |
| Informere om søknadsfrister til spelemidlar og andre tilskotsordningars | Kommune |
| Søke spelemidlar til kommunen | Kommune og frivillige |

7.3 Friluftsliv

Den varierte og spennande naturen i Lærdal gjev gode føresetnader for å sette Lærdal på kartet som bustadområde med aktive naturopplevingar. Når det gjeld friluftsliv er det særleg dei gamle ferdsselsvegane og fjella som har vore brukt som rekreasjon for folk i Lærdal, i tillegg til fjorden.

Friluftsliv og naturbaserte fritidsaktivitetar har ein dokumentert effekt på fysisk og psykisk helse, og har innverknad på stressreduksjon, livslengde og livskvalitet. I eit folkehelseperspektiv bør det difor bli oppmuntra til å få fleire ut i naturen. God tilrettelegging for fotturar og sykkelturar er spesielt gunstig fordi dette er lågterskelaktivitetar som nærmast alle, uavhengig av økonomi, alder og fysisk form, kan gjennomføre.

I kommuneplanen sin samfunnsdel står det:

«God tilgjenge til naturen er med på å skape gode nærmiljø og levande grender. Dette er ein av styrkene til Lærdal, då det er lett tilgjenge til naturen stort sett over alt. Å gå langs Lærdalselva fungerer som rekreasjon for mange, og er eit mykje nytta tur- og friluftsområde frå Lærdalsøyri til Borgund. Langs Lærdalselva på Lærdalsøyri er det godt tilrettelagd for turgåing langs elva, men det er eit ynskje om å gjere dette enno betre. I Kommunedelplan for Lærdalsøyri (vedtak i 2008) er elveførebygginga regulert til turdrag med moglegheiter for tilrettelegging med benkar, lys osv. Det er og eit ynskje om å gjere turdraget universelt utforma, og kommunen har delteke i eit prosjekt med fylkeskommunen om dette.»
(Samfunnsdelen 2018, s.20)

Det er behov for fleire nærmiljøstiar og her kan ein gjere meir for å gjere terskelen lågare ved å tilpasse til heilårsdrift og tilrettelegge for rullestolbrukarar.

Tilgang til ski og vinteraktivitetar i heile kommunen er ynskje som har komme inn i planarbeidet. Det er i dag allereie etablerte skiløyper og turområder på Filefjell som vert drifta av Filefjell Løypelag. Dette gjeld området frå Maristova og til fylkesgrensa mot innlandet. Området har gode mogelegheiter for friluftsliv, sykkel og skiaktivitetar, men manglar noko på merking og det er ynskjeleg med ei skiløype mellom Maristova og Buhaugane/Fillestølen for å kunne utvide sesongen. I området vert det køyrt og preparert ca. 50 km med skiløyper son knyt saman løopenettet med skiløypene på Tyinkrysset og Hemsedal.

Tilrettelegging for korte avstandar til skiløyper frå Lærdalsøyri sentrum er mogeleg ved å få på plass brøyting til Sluppen/Lærdalsfjellet. Her bør det vurderast om ein kan få til eit samarbeid med frivillige, næringslivet og kommunen. Eit enno meir lågterskelaktivitet for vintersport i Lærdal sentrum er å køyre opp skiløyper i sentrum eller bygge Sogn Vinterpark med kunstisbane for å sikre eit utandørs aktivitetstilbod til fleire målgrupper. Lærdal turlag har meldt inn fleire aktuelle tiltak for å styrka deira og andre frivillige sitt arbeid med å gjere friluftsområder meir tilgjengelege. Desse tiltaka er lagt inn i oversikta nedanfor.

7.3.1 Tiltak for å tilrettelegge for meir friluftsliv

| | |
|--|--------------------------------------|
| Sikra ålmenta viktige og varierte friluftsareal og tilgang på fjellfiske i alle delar av kommunen. | Grunneigarar, fjellstyre, frivillige |
|--|--------------------------------------|

| | |
|---|---------------------------------|
| Etablere universelt utforma turdrag saman med elveførebygginga på Lærdalsøyri. | Kommune, næringsliv |
| Vidareutvikle Sluppen, Mjølkeflaten og Kvamme (skiløypene) som viktige friluftsområde i kommunen. | Kommune, frivillige, næringliv |
| Vinteropen veg til Vardahaug bru | Kommune, næringsliv, frivillige |
| Informasjon, skilting og merking av turvegar og stiar i utmark | Frivillige |
| Kartlegging av viktige friluftsområder | Kommune, Fylkeskommune |
| Etablere lys på sentrumsnære turvegar | Kommune |
| Gapahuk/lavo i turområde | Frivillige, næringsliv |
| Sanitæranlegg i friluftsområda | Kommune, næringsliv, staten |
| Tilrettelagte badeplassar | Kommune, næringliv, frivillige |
| Etablere ein fysisk møtestad for Lærdal turlag og andre organisasjonar | Frivillige |
| Etablere rasteplassar på utvalde stadar langs turvegar | Kommune, næringliv, frivillige |
| Utarbeide detaljerte turkart | Næringsliv, frivillige |
| Vidareutvikle området Maristuen, Gramstølen, Filefjell som viktige friluftsområde i kommunen | Kommune, frivillige, næringliv. |

8 HANDLINGSPROGRAM

8.1 Prinsipp for prioriteringar

Handlingsprogrammet er basert på innspel som er komne inn i planprosessen. Innspela er prioritert etter dei måla planen skal arbeide for. Tiltak som allereie har inne godkjend søknad om spelemedlar, og tiltak som er basert på lågterskel aktivitet for å få fleire i fysisk aktivitet er prioritert. Det er ein fordel at prosjektet inngår i eksisterande eller påbegynte reguleringsplanar. For å fylge opp visjonen Grøne Lærdal i kommuneplanen sin samfunnsdel, vert det lagt vekt på klima- og miljøvennlege tiltak. Det er gjort ei heilheitsvurdering som går på geografisk plassering og om prosjektet har ein plan for finansiering. For å verte godkjend for spelemedlar, må tiltaket vere ein ikkje-kommersiell aktivitet.

Handlingsprogrammet skal innehalde forventa årlege kostnad for forvaltning og drift av ulike anlegg. Tiltakshavar er ansvarleg for å utarbeide realistiske tal og korleis dette skal finansierast. Der kommunen skal bidra med investering og drift, er det tiltakshavar som er ansvarleg for at dette vert fulgt opp i kommunen sin økonomi-og handlingsplan og i budsjettprosessen.

8.2 Prioritert handlingprogram 2021-2024

Ordinære anlegg

Lærdal golfbane – Ljøsne

Lærdal golfklubb har meldt inn tiltak om ny golfbane i Lærdal, då den gamle er lagt ned.

Golfklubben arbeidar med ny reguleringsplan for bana ser for seg oppstart med ny bane i løpet av planperioden

Kunstisbane/Sogn Vinterpark – Lærdalsøyri

Kunstisbaneprosjektet Sogn Vinterpark har ikke fått tilskot fra kommunen. Forprosjektet er ferdig og det vert arbeida med finansiering og undersøking for å gjere anlegget til eit regionalt anlegg. Tiltaket er tenkt starta opp i 2022.

Nærmiljøanlegg

1. Klatrepark med lys – Lærdalsøyri skule

Tiltaket har godkjend søknad for spelemediar

2. Sandvolleyballbane, rehabilitering – Grandane

Tiltaket har godkjend søknad for spelemediar

3. Sandvolleyballbane, rehabilitering – Lærdalsøyri skule

Tiltaket har godkjend søknad for spelemediar

8.3 Langsiktig handlingsprogram 2021-2032

Uprioritert liste ordinære anlegg:

- **Rehabilitering symjebasseng/HC-tilkomst – Lærdalsøyri skule**

Lærdal kommune vil i gang med eit forprosjekt for å undersøke kva som må til for å legge betre til rette for universell utforming ved symjebassenget på Lærdalsøyri. Dette arbeidet vil starte i planperioden.

- **Rehabilitering kunstgrasbane m/lys – Lærdalsøyri skule**

Lærdal idrettslag og Lærdal kommune samarbeidar om kunstgrasbana ved Lærdalsøyri skule. Idrettslaget har fått ein tilstandsvurdering på bana som syner at dekket er på overtid, og at det bør gjerast noko med dette. I tillegg vil det komme ei ny forskrift om utslepp av mikroplast frå kunstgrasbaner og det er naudsynt med ei vurdering av lysmastene rundt bana. Dette er to miljøtiltak som saman med at bana er mykje brukt i skuletida og på fritida, gjer at dette er eit tiltak som bør komme i gang i løpet av planperioden.

- **Utandørs skytebane 100m/200m**

Tønjum skyttarlag, har i samarbeid med Tønjum pistoklubb, meldt inn tiltaket om ny utandørs skytebane. Tiltaket arbeider med reguleringsplan som etter planen skal ferdigstilla i 2021. Skyttarlaget ser føre seg å komme i gang med prosjektet i løpet av planperioden.

- **Fleirbruksaktivitetshall Borgund**

Sentrumsprosjekt Borgund har spelt inn fleirbruks/aktivitetshall på grusbana i Borgund som skal innehalde ridehall, treningsrom og klubhus. Borgund utvikling har spelt inn tiltaket og ynskjer eit samarbeid mellom kommune og frivillige, som til dømes Lærdal ride-og køyreklubb. Prosjektet er i startfasen men ynskjer å komme i gang i løpet av planperioden.

Uprioritert liste nærmiljøanlegg

- Utandørs treningspark – Borgund
- Utandørs treningspark – Lærdalsøyri skule
- Utandørs treningspark - Ljøsne
- Utvida skiløyper på Kvamme
- Lysløype Maristova
- Tilrettelegge for klatring utandørs
- Dekke og lys langs elvebrygga på Lærdalsøyri
- Rydding og merking av stiar
- Tilrettelege turløyper langs Lærdalselvi
- Nærmiljøanlegg i tettbygde områder
- Opprusting av skuleområdet på Borgund
- Opprusting av skuleområdet på Lærdalsøyri
- Utbetring av båt- og badeanlegg på Grandane i prosjektet Lærdal sjøfront
- Vedlikehald og rehabilitering av dekket i idrettshallen på Lærdalsøyri